



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Øystre Slidre kommune
Bygdinvegen 1989
2940 HEGGENES

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

BØHMAR - 26/9087

Arkiv:

4/7/2/0, L33

Vår dato:

10.08.2026

Saksnr.	Utval
219/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
196/26	Kommunestyret

Vedtak om deling - 4/7/2/0 Frådeling av areal til felles infrastruktur skistadion

Tiltak: Frådeling
Eigedom: Gbnr: 4/7
Tiltakshavar: Øystre Slidre kommune

Delegasjonssak nr.: 219/26

Vedtak


I samsvar med Øystre Slidre kommune sitt delegasjonsreglement godkjenner kommunedirektøren v/ leiar av Næring, plan og byggesak søknad om frådeling av eit areal på om lag 524 m² som omsøkt frå grunneigedom gnr. 4 bnr. 7, og festegrunn gnr. 4 bnr. 7 fnr. 2.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, litra m.

Bakgrunn for saka

Øystre Slidre kommune v/ Teknisk drift søker på vegner av heimelshavarane om frådeling av ein parsell frå grunneigedom gbnr 4/7 og festegrunn gbnr. 4/7 fnr. 2. Heimelshavarane er grunneigar til eigedom gbnr. 4/7, Jostein Lindstad, og framfester/fester til festegrunn gbnr. 4/7 fnr. 2, Jotnetunet AS. Det omsøkte arealet inngår i gjeldande reguleringsplan for gangveg til skistadion (planID 201813).

Parsellen skal nyttast til felles infrastruktur, og skal ha eit areal på om lag 1,6 dekar.




Figur 1: viser utsnitt av plankart/flyfoto med det omsøkte areal (rød skravur)

Saksopplysninger

Øystre Slidre kommune har inngått avtale med heimelshavarane til grunneigedom 4/7 og festegrunn 4/7/2 om erverv av grunn til felles infrastruktur. Arealet inngår i sin heilskap i reguleringsplanen for gangveg til skistadion, og er i all hovudsak regulert til skiløypepetrasé. Resterande areal er regulert til campingplass og anna veggrunn (figur 2). Reguleringsplanen tredde i kraft 31.01.2019 og vart sist endra 22.05.2025.

Grunna at areal til skiløype er for lite skal deler av det omsøkte arealet omregulerast i samband med pågåande detaljregulering for Finntøppvegen (figur 3). Det gjeld fyrst og fremst arealet som etter gjeldande plan er regulert til campingplass. Dette arealet skal no omregulerast til skiløype. Vidare skal areal regulert til anna veggrunn og gangveg tilpassast.



Figur 2 og 3: viser utsnitt av gjeldende reguleringsplan for gangveg til skistadion og utsnitt av detaljregulering for Finntøppvegen (rød skravur)

Av analyserapport køyrt i Valdreskart (Origo) går det ikkje fram at det ligg føre tilhøve knytte til samfunnstryggleik, landbruk, kultur- og/eller naturmiljø i området eller at det er registrert artar eller trekkruiter for dyr som tilseier at frådeling ikkje kan godkjennast.

Søknaden er nabovarsla i medhald av pbl § 21-3, og det har ikkje komme fram nokon merknader.

Vurdering:

Frådeling av ny grunneigedom, eller endring av eksisterande eigedomsgrenser, skal i medhald av pbl § 26-1 gjerast på ein slik måte at det ikkje oppstår forhold som er i strid med pbl, forskrift eller plan. Frådeling eller endring som nemnt, må heller ikkje gjerast slik at det blir danna tomter som er ueigna til busetnad på grunn av storleiken sin, form eller plassering. Vidare følgjer det av pbl § 28-1 at grunn berre kan byggast ut, eller eigedom blir oppretta eller blir endra, dersom det er tilstrekkeleg sikkerheit mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold. Det same gjeld for grunn som blir utsett for fare eller vesentleg ulempe som følgje av tiltak.

Omsøkte frådeling er i tråd med gjeldande reguleringsplan for gangveg til skistadion. Kommunen kjenner ikkje til andre tilhøve som strir mot vilkåra i plan- og bygningslova §§ 26-1 og 28-1.

Vatn- og avløpsforholda er avklarte gjennom godkjent vass- og avløpsplan for området.

Omsøkte frådeling er vurdert etter naturmangfaldslova §§ 8-12. Ein kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med forvaltningsmål for artar og naturtypar. Frådelinga kan såleis godkjennast etter naturmangfaldlova.

Omsøkte frådeling er vurdert etter kulturminnelova §§ 3-11. ein kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med forvaltningsmål for automatisk freda kulturminne. Frådelinga kan såleis godkjennast etter kulturminnelova.

Samla vurdering:

Med bakgrunn i forklaringa ovanfor har Øystre Slidre kommune kome fram til at frådelinga kan godkjennast som omsøkt.

Gebyr

Øystre Slidre kommune v/ Teknisk drift må betale eit gebyr på kr. 6.683,- for handsaming av delingssøknaden etter PBL § 20-1 bokstav m, jf. kommunen sitt gebyrregulativ. I tillegg kjem gebyr for oppmåling og tinglysing.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Martina E. Böhme
Saksbehandlar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.